

## April 2021 7

### **Pust med magen og tenk føre-var i ei travel tid - for ei god og sikker vårvinna**

No er det travle tider for mange. Alle har vel kjent litt på at når det er fullt kjør ja - då aukar også sjansen for at uføresette ting kan skje. Uhell kan skje med alle. Tenk litt ekstra "føre-var" for å minska risikoen for at ting går gale i ei travel tid.

### **Før tilsyn og tenk over om uhell kan skje også etter at du avsluttar for dagen**

Hald eit auga med arbeidsoperasjonar, no det mange slangar og røyr som pumpar husdyrgjødsel frå gjødselkjellarar. Skulle uhellet vere ute og det byrjar å renne gjødsel frå hol i slangen, er det viktig at du er i nærleiken og får stoppa gjødsla slik at den ikkje hamnar på ville vegar. Ved eit nylig uhell vart det hol på ein slange, og hevertfunksjon aleine førte til at gjødsla rant langt av garde. Ta gjerne ein ekstra kikk på utstyret og tenk worst-case scenarie - for bekken og sikkerheita si skuld.

### **Litt avstand til bekken er alltid bra**

Å halde avstand til bekken når du gjødslar er eit viktig tiltak for å minska førekomsten av næringsinnhald i elva. Det er difor det blir gitt tilskot til dette gjennom ordninga Regionalt miljøprogram. Ynskjer du å få dette tilskotet må du la vera å gjødsle *minst* 6 meter frå vasskanten (kantsona + 4 m dyrka). Dette gjeld fulldyrka eng. Er du ikkje med på ordninga, er det likevel tilrådd å halde 2 meter inn på fulldyrka eng ugjødsla. Kantsona skal alltid være ugjødsla. På beite er kravet minst 5 meter fra vassdrag.

### **Ta ein liten strekk**

Om du ikkje rekk ein cowboystrekk så kan litt bøy og tøy i eit par minutt gjøre underverk for ein sliten traktorrygg. *Også dei som dyrkar maten treng å eta* seier HMS rådgivar i Norsk Landbruksrådgiving til Bondevennen. Eller som bonde Elin Hobberstad svara Bondevennen på spørsmålet om ho hadde noko tips til kollegaene før dei startar traktoren: «*Pust med magen*».

Med dei orda vil me ynskje lykke til med vårvinna og så får me krysse fingrane for at det blir ein «drit»bra sesong!